

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 09.01.2007
Sakhandsamar: Terje Arne Krokvik og Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Ny hudavdeling i Helse Bergen HF - godkjenning av forprosjekt**

Arkivsak

2006/597/033

Styremøte 14.02. 2007

Styresak 017/07 B

Bakgrunn:

I arealplan/utbyggingsplan for Helse Bergen inngår også oppgradering av lokala for hudavdelinga ved Haukeland universitetssjukehus.

Hudavdelinga held i dag til i gamle, nedslitne lokale i Hudbygget og tilhøyrande brakkebygg. Etter planen skal hudavdelinga flyttast til oppgraderte lokale i Lungebygget. Hudbygget skal deretter rivast for å gi plass til det planlagde kreftsenteret.

Det ligg no føre forprosjekt for oppgradering av Lungebygget slik at dette kan nyttast av hudavdelinga.

Kostnadane for prosjektet ligg over terskelverdien i Helse Vest RHF sin prosedyre for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt, og prosjektet blir såleis lagt fram for styret til godkjenning.

Kommentarar:

1. Beskriving av prosjektet

Det følgjer av arealplanen for Helse Bergen HF at ein vil søkja å sanera gammal og lite funksjonell bygningsmasse for å gje plass til meir moderne bygningar. Hudbygget et eit slikt bygg som bør sanerast.

Etter at lungeavdelinga i 2005 blei overflytta til nye lokale i Sentralblokka har mesteparten av lokala her stått ledige. I bygget er det no nokon midlertidige funksjonar samt dagposten til kreftavdelinga. Denne skal flyttast til det nye Parkbygget når det vert ferdig i 2007.

Lungebygget har også ein dårleg bygningsmessig standard. Det er likevel ikkje ønskeleg å riva dette bygget. Det er vurdert at Lungebygget ved ei omfattande bygningsrenovering vil kunne gje hudavdelinga meir funksjonelle og moderne lokale. Det er mellom anna naudsynt å installera nye tekniske anlegg, ventilasjon, bad på kvart pasientrom og omfattande brannsikringstiltak.

Den samla kostnaden basert på forprosjektet er berekna til 61 mill. kr. Det inkluderar også kostnadar til ei mellombels løysing for dagposten på kreftavdelinga.

Hudbygget er avskrive mens bokført restverdi for lungebygget er 1,8 mill kr. Teknisk anlegg er avskrive. Samla har Helse Bergen vurdert at det er billigare med ei ombygging enn å bygge heilt nytt.

Innan behandling av pasientar med kroniske hudsjukdommar blir det no lagt meir vekt på tilpassa dagbehandling og poliklinisk behandling. I samband med overflyttinga blir såleis talet på døgnplassar på hudavdelinga redusert frå 20 til 13 samstundes som det blir lagt meir til rette for dagbehandling og poliklinisk verksemd med auka bruk av pasienthotellet. To av døgnplassane blir bygd som isolat (for kontaktsmitte) noko som ein i dag manglar.

Dei nye areala gjer det også mogeleg å auka den dagkirurgiske verksemda og ein planlegg utvida opningstid på poliklinikken for seksuelt overførte sjukdommar.

Ombygginga vil omfatta deler av kjellar samt 1. – 3. etasje og loft.

Underetasje vil innehalde garderober, arkiv, lager, auditorium og noverande mammografisenter.

1. etasje vil innehalde administrasjon, pasientmottak, poliklinikk for hud og veneriske sjukdommar.
2. etasje vil innehalde dagavdeling, lysterapi og sårbehandling m/operasjonstue
3. etasje vil innehalde sengepost med senger og 2 kontaktsmitteisolat.

Prosjektet medfører ei fullstendig oppgradering av om lag 3000 kvm bygningsmasse. Hudavdelinga sitt areal i dag er om lag 250 kvm mindre.

2. Prosjektets plassering i forhold til det regionale helseføretakets totale tilbod

Dei nye lokala erstattar noverande lokale og prosjektet har ikkje nokon innverknad på tenestetilbodet i regionen elles.

3. Lønsemdsanalyse inklusive økonomiske konsekvensar

Prosjektet er kostnadsberekna til 61 mill. kr. Det er medrekna ei prisstigning på 3 % og det er lagt inn ein margin på 7 % av entreprisekostnadane til dekning av uføresette kostnader.

Dette vil gi ei årleg utgift for helseføretaket på om lag 4,4 mill. kr til avskriving og rentekostnader.

Noverande hudbygg er nedskrevet. Helse Bergen reduserer avskrivingkostnader på bygg frå 291 mill kr i 2007 til 269 mill kr i 2008 inkludert dette prosjektet, og totale avskrivingskostnader i føretaket blir redusert frå 434 mill kr i 2007 til 422 mill kr i 2008.

Det er lagt til grunn ei kalkulasjonsrente på 5 %, avskriving av investert kapital med 60 år og 30 år for tekniske anlegg.

I hovudsak er dette flytting av eksisterande aktivitet til nye lokale. Talet på tilsette skal ikkje aukast. Dei nye lokala vil gjere det mogeleg å auka kapasiteten med same bemanning og såleis gje ei effektivisering av drifta.

Driftskostnadane for bygget vil bli 0.4 mill kr lågare enn dagens bygg fordi arealet er mindre og energikostnadane lågare. I tillegg fell kostnadene på noverande lokale bort noko som gir driftsøkonomiske gevinstar på om lag 1 mill kr.

Netto meirkostnad for byggeprosjektet isolert sett blir 3,0 mill kr.

4. Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

Helse Bergen har i sin 5 årlige investeringsplan meldt inn eit samla investeringsbehov som overstig midlane som ligg i basisramma frå Helse Vest. For 2007 inneheld basisramma til Helse Bergen eit kapitaltilskot på kr 312 mill. Investeringar ut over dette nivå må finansierast med bruk av lån og omprioritering av midlar i basisramma.

Den samla låneramma for alle RHF'a blir fastsett i statsbudsjettet. Helse Vest vil i føretaksmøtet få tildelt ei låneramme for gjennomføring av investeringsprosjekt. Helse Vest vil prioritere låneramma inn mot ferdigstilling av opptrappingsplan psykiatri samt dei store byggeprosjekta som allereie er satt i gang. Dette gjeld MOBA ved Helse Stavanger og nytt lab.bygg ved Helse Bergen.

Helse Vest kan ikkje pårekna at lånemidlane vil auke i dei komande åra. Helse Vest har heller ikkje økonomiske bærekraft til å løfte dei samla investeringsplanane då avskrivningar og rente vil påføre føretaksgruppa betydeleg resultatutfordring. Det blir i denne samanheng vist til sak 006/07 B Investeringar – styring, prioritering og fastsetting av investeringsramme og lånebehov for 2007. Saka gir føringar for kva investeringsramma og låneramme føretaka må styre sine investeringsprosjekt innafor.

Helse Bergen føreset at dette prosjektet blir finansiert gjennom opptak av lån. Helse Vest må her ta atterhald for at det blir tildelt ei låneramme som er tilstrekkeleg for å gjennomføre dette prosjektet i tillegg til dei prosjekta som allereie er satt i gang. Helse Bergen må derfor ta høgde for denne usikkerheita i sin planlegging og gjennomføring av prosjektet og eventuelt gjere ei ny prioritering av prosjekta.

Helse Bergen må prioritere og gjennomføre investeringsprosjekta sine innanfor følgjande rammer:

- avskrivingsmidlar i basisramma (kr 192 mill i 2007)
- lån til investeringar (blir fastsett årleg i statsbudsjettet)
- bruk/omprioritering av midlar i basisramma til å dekke investeringar
- kortsiktig kan ein nytte driftskreditt dersom låneramma eit år ikkje er tilstrekkeleg til å fullføre investeringsprosjektet

5. Plan for forprosjekt

Arbeidet kan starte våren 2007 og vil kunna stå ferdig etter om lag 12 månadar.

Forslag til vedtak:

Helse Vest RHF godkjenner forprosjekt for oppgradering av Lungebygget til nye lokale for hudavdelinga i Helse Bergen HF med ei kostnadsramme på 61 mill. kr.

Auka kostnader som følgje av prosjektet må dekkast innafor inntektsramma til Helse Bergen HF.

Styret i Helse Bergen HF har ansvar for gjennomføring av prosjektet innan for kostnadsramma.

Vidare framdrift i prosjektet føresett at lånefinansieringa av prosjektet er avklara.